



KORLEIS TEIKNE INN INNSPEL OG TA UT KART I FONNAKART.NO

Karttenesta www.fonnakart.no er eit godt verktøy for å finne eigedomar, teikne i kart og skrive ut kart.

Under viser vi korleis Fonnakart kan brukast til innspel til kommuneplanarbeidet.

Det gjerast merksam på at Fonnakart kan ha manglar ved eigedomsgrensene og at for dei som ønskjer korrekte opplysningar som er å finne i matrikkelen bør sjekke om grensene stemmer mot www.seeiendom.no. Skulddelte eigedomar som ikkje har målebrev/matrikkelbrev kan likevel òg ha missvisande grenser i matrikkelen då dei ikkje var vore føremål for kartforretning/oppmålingsforretning på tidlegare tidspunkt.

FINNE EIGEDOM I FONNAKART:

1. Gå inn på linken www.fonnakart.no
(Fonnakart er ein del av www.kommunekart.com og omfattar alle kommunane i regionane Sunnhordland og Haugalandet)
2. vel **Søk etter adresse, sted eller eiendom**
3. Finn **Velg kommune** og bruk rullegardinen (pil ned) til å velja Sveio kommune.
4. Trykk **Søk** og de får opp området/eigedomen i kartet. Dersom det er fleire teigar til ein og same eigedom så vil dei listast opp under søkeområdet. Vel teig og den vert vist i kartet.
5. Eigedomen eller området de har søkt på visast no i kartet med gul skravur. Skravuren





kan fjernast gjennom å klikke på  rett over søkefeltet til venstre.

VEL KARTTYPE:


Til venstre over søkefeltet kan ein velje karttype. Her kan ein bruke rullegardinen til å skifte mellom grunnkart, kommuneplankart og flyfoto.

Under karttype *Kommuneplanens arealdel* visast berre avgrensinga av gjeldande kommunedelplan og dei eldre reguleringsplanane (frå før 2011) med stripete gul skravur og reguleringsplanane har påført PlanId (eks. 2006-002) i kartet. Føremåla som ligg i planane visast ikkje men dei er å finne under *Planar / Kommunedelplanar og reguleringsplanar* på kommunen si heimeside.


BRUKE KARTET:

1. Ein kan zoome inn og ut i kartet gjennom å bruke -knappen for å zoome inn/avgrense det område ein vil sjå på, og -knappane for å zoome ut til eit større område.
2. Dersom ein ønskjer å flytte kartet kan ein bruke -knappen og så klikke og dra markøren over kartet i den retning ein vil gå.
3. Ønskjer ein å måle avstandar så kan ein bruke -knappen og klikke mellom to punkt. Avslutt målinga med dobbeltklikk.



4. Dersom ein ønskjer å rekna ut eit areal kan ein bruke -knappen. Klikk så i kartet for å avgrense området.

UTSKRIFT AV KART:






1. Skriv ut eit kart direkte ved å bruke -knappen etter at de har gjort den avgrensing i kartet som de vil ha utskrift av.
2. Klikk direkte vidare på *Forhåndsvisning og Skriv ut* dersom de ikkje ønskjer gjera nokre endringar i kartvisninga).
3. Kartet kan no skrivast ut (ev. med endringar i eigenskapane for farge m.v.)

LAGRING AV KART:


1. Klikk på -knappen for så å høgreklikke i det nye kartbilete som kjem opp på skjermen. Då kan kartutsnittet på skjermen lagrast eller kopierast.

TEIKNE DIREKTE I KARTET:

Ein kan teikne direkte i kartet som ligg på Fonnakart etter at ein har gjort ei avgrensing av område som det skal teiknast i.

1. Gjer eit skifte i verktøyfeltet  til venstre om kartet og vel -knappen.
2. Bruk verktøya til å teikne inn i kart. Hugs å velje farge og tjukkeleik på streka slik at dei vert synlege ved innlevering av kart til kommunen (vi anbefaler raud strek i tjukkaste breidde med minste skravor).
3. Bruk line eller omriss ved teikning i kartet med følgjande verktøy 
4. Ønskjast tekst i kartet kan ein bruke -knappen.
5. Gjer de feil så bruk viskelæret  og marker kva i kartet som skal bort.

INFORMASJON OM EIGEDOMAR:

Ønskjer ein å finne ut storleik på ein eigedom eller kva gards- og bruksnummer ein eigedom har så kan ein stå i karttype *Grunnkart* og klikke på -knappen for så å klikke på området ein vil ha opplysningar om.